

# Stord Jazzklubb

## Årsmøteprotokoll 2017

Måndag 06.03.2017 Kl: 18:00.

Dagsorden:

1. Opning
2. Val av møteleiar og referent
3. Godkjenning av innkalling og sakliste
4. Val av to medlemmer til å underteikna protokollen
5. Årsmelding
6. Rekneskap 2016
7. Budsjett 2017
8. Innkomne forslag
9. Kontingent
10. Val av styre, revisorar og valkomité
11. Avslutning

# Referat årsmøte Stord Jazzklubb:

## 1. Opning

Leiar av styret, Olav Fjell innleia årsmøtet og ynskte alle frammøtte vel møtt til andre årsmøte i Stord Jazzklubb.

## 2. Val av møteleiar og referent

Møteleiar: Svein Nedkvitne

Referent: Jonas Selås Olsen

## 3. Godkjenning av innkalling og sakliste

Merknadar:

- a. Innkalling: det vart etterlyst kunngjering av sakliste til medlemmene på førehand av møtet. Dette burde komme saman med innkallinga.
- b. Sakliste: behandling av vedtekter skal kunngjerast på førehand. Dette kom ikkje klart fram av saklista. Dette skal stå i saklista. Jmf. §9 i vedtekten må dette vera meldt inn på førehand slik at medlemmer som vil vera til stades og ha innverknad kan vera der.

## 4. Val av medlemmar til å underteikne protokoll

- a. Harald Onarheim
- b. Jonas Selås Olsen

## 5. Årsmelding:

Gjennomgang av årsmelding med forklaringar. Ingen kommentarar og årsmeldinga vart samrøystes vedteke.

## 6. Rekneskap:

Terje informerer om rekneskapen og enkelpostar forklart. Kontingensten er for nokre fordelt over to rekneskapsår.

Rekneskapen vart samrøystes vedteke.

## 7. Budsjett 2017

Eit forslag til budsjettet vart gjennomgått og enkelpostar forklart.

Olav informerer om konsertar og planar.

Årsmøtet er gjort kjent med budsjettet. Dette er gjort til vitande. Styret kan arbeide ut i frå dette.

## 8. Innkomne forslag

Forslag til endring i vedtekten vart gjennomgått og forklart.

Følgjande vart vedteke:

- §2: Her legg ein til eit kulepunkt: Stord Jazzklubb skal: "*søkja samarbeid med andre aktørar i det lokale musikk-/kulturlivet, som kor, orkester, grupper, lag og enkeltutøvarar*"
- §5: Her legg ein til "*årsmøtet skal velja leiar, nestleiar, kasserar og i tillegg to styremedlemmer. Årsmøtet skal også velja to varamedlemer av styret. Varamedlemene har møterett i styret. Årsmøtet skal også velja 2 revisorar (valde for 1 år) og 2 medlemmer av ein valkommité (valde for 1 år).*"

- §5: Her legg ein til: "Årsmøtet skal velja 2 møtedeltakarar som skal signera protokollen. Protokollen skal gjerast tilgjengeleg for medlemmene innan 2 veker etter at årsmøtet vert halde."
- §7: Her legg ein til: "Det skal førast protokoll frå alle styremøte. Protokollen skal sendast ut til styre- og varamedlemene innan 1 veke etter at møtet vert halde."

Årsmøtet ber styret om å sjå nærmare på vedtekten og finslipe formuleringane. Særskild:

- § 5: presisere formelle godkjenningar (årsmelding, rekneskap osv), til info for årsmøtet: budsjett og handlingsplan.
- §7: Kva tydar teiknar? Nytte dei definisjonar som ligg Brønnøysund registeret. Forslag til ny formulering "Styreleiar og kasserar underteknar i fellesskap på vegner av Stord Jazzklubb"
- §8: Forslag til ny formulering: "Årsmøtet fastset medlemskontingensten."

Innstilling til eventuelle endringar til vedtekten skal leggast fram på neste ordinære årsmøte 2018.

## 9. Kontingent

Kontingensten er godkjent og vert ståande.

## 10. Val av styre, revisor og valkomité

Innstillinga til nytt styre, ettersynsfolk og valnemnd vart samråystes vedteke.

Marius Sjo, Jane Jünger og Bjarte Ryland er av ulike grunnar gått ut av styret.

### ***Styret i Stord Jazzklubb pr. 6. Mars 2017:***

<b>Styreleiar:</b>	Olav Fjell	(attval)	1 år
<b>Nestleiar:</b>	Kjell Arne Møklebust	(ny)	2 år
<b>Kasserar:</b>	Terje J. Steinsletten	(ikkje på val)	1 år
<b>Styremedlem:</b>	Wenche Eriksen Ole Jakob Hystad	(ny) (opp frå vara)	2 år 1 år
<b>Varamedlem:</b>	Jonas Selås Olsen Harald Onarheim	(attval) (ny)	1 år 1 år
<b>Revisor:</b>	Jostein Bøyum Knut Gramstad	(attval) (attval)	1 år 1 år
<b>Valnemnd:</b>	Jan Roger Pettersen Brit Thorland Gravdal	(attval) (attval)	1 år 1 år

## 11. Avslutning

Styreleiar takkar for tilliten og ynskjer dei nye velkommen! Det er eit utfordring å engasjere yngre personar til konsertane og til styrearbeid. Dette må styret ta på alvor og arbeide med i tida framover.

Referent og Sign:



Jonas Selås Olsen  
Jonas Selås Olsen

Sign:



Harald Onarheim  
Harald Onarheim